



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Formannskapet

Møtedato: 01.12.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:00

Dagsorden:

Orientering om fiberprosjekt

Drøfting kommunereform, mulig sak til KS 10. des

Ordinære saker fram til 13.00

13.00 Kraftfondstyret

14.00 Administrasjonsutval

Framhald med ordinære FS saker

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

143/2015 Endringar i eigardelane for Interkommunalt arkiv

144/2015 Regulering av husleiga i kommunale gjennomgangsbustadar frå 1. april 2016

145/2015 Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

30. november 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim	FE - 057, HistSak - 09/649	14/176

Saknr	Utval	Type	Dato
143/2015	Formannskapet	PS	01.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Endringar i eigardelane for Interkommunalt arkiv

32T

Årsrapport 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vedtak representantskapet for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS sitt vedtak med justering i eigardelane frå 01.01.2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland, IKAH, er ein arkivinstitusjon med 6 heiltidstilsette. Dei held til i Bergen, men vert eigd av dei 32 andre kommunane i Hordaland.

I fylgje selskapsavtalen § 5 Innskottsplikt og eigardel, skal eigardelen juserast kvart fjerde år som eit resultat av samla betalt innskot, samt ved inn- og utmelding. Kommunane betalar eit årleg tilskot etter fordelingsnøkkel. Fordelingsnøkkel gjedande pr 01.05.2014 byggjer på innbyggjartal i fire kategoriar.

Kommunar med under 3.000 innbyggjarar betaler	kr. 61 297,24
Kommunar med 3.001 – 5.000 innbyggjarar betaler	kr. 88 540,45
Kommunar med 5.001 – 10.000 innbyggjarar betaler	kr. 115 783,67
Kommunar med over 10.001 innbyggjarar betaler	kr. 143 026,88

Representantskapet sitt vedtak:

Representantskapet vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2016 med atterhald om godkjenning i kommunestyra.

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

Vedtaket var einstemmig

Vurdering/fakta

Masfjorden kommune betalar kr. 61.297,24 pr år til Interkommunalt Arkiv og ligg i den lågaste kategorien pga av at innbyggjartalet er under 3000.

Kommunen har god nytte av dei tenestene som ein får av IKAH. Masfjorden kommune har 100 hyllemeter og av dei er 84 hyllemeter i bruk. To hyllemeter er personregister, 39 er ordna eldre arkiv frå 1965 til 1985.

43 hyllemeter er uordna arkiv frå 1985 til 1992 som er levert inn i 2015. Dette er ein stor jobb som IKAH tek for kommunane med ordning og katalogisering.

IKAH har og diverse kurs i arkivarbeid. I år hadde dei kurs i avlevering av personregister her hjå oss.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner vedtak gjort av representantskapet om justering i eigardelane for kommunane.



Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS
-ein dørøpnar til historia-



Årsrapport 2014

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Rune Lothe
19.1.2015

Innhold

Oppsummering av året og utfordringar framover	3
Organisasjon og administrasjon	3
Representantskapet 2014	4
Styret etter 20. mai 2014:.....	4
Varamedlem etter 20. mai 2014:.....	4
Valnemnd etter 20 mai 2014:	4
Kjøp av eksterne tenester:	4
Medarbeidarar	5
<i>Tilsette i selskapet:</i>	<i>5</i>
<i>Innleigdee:</i>	<i>5</i>
<i>Arbeidsforhold</i>	<i>5</i>
<i>Tabell 1. Eigartilskot og produserte årsverk 2008-2014</i>	<i>6</i>
Arkivdepot og formidling	6
<i>Tabell 2 Depotsituasjonen for papirarkiv.....</i>	<i>7</i>
<i>Tabell 3. Oversikt over ekspedisjonar frå eldre saksarkiver og personregister 2008-2014.....</i>	<i>7</i>
Digitalt sikringsdepot:	8
Ordning av papirarkiv.....	9
Opplæring og rådgjeving	10
<i>Tab. 4 oversikt over kommunebesøk 2001-2014</i>	<i>10</i>
Økonomien i selskapet.....	11
<i>Tab. 5 Oversikt inntektsfordeling fordelt etter inntektskjelde 2009-2014.....</i>	<i>11</i>
<i>Tabell 7 Oversikt kommunevis per. 31.12.2014:.....</i>	<i>13</i>

Kommunane har jf. Lov om arkiv ei plikt til å sikre arkiv som har betydelig kulturell eller forskningsmessig verdi, eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at disse kan bli tatt vare på og gjort tilgjengeleg for ettertida. Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) er arkivdepot for 32 eigarkommunar, der ordning, oppbevaring og tilgjengeliggjering utgjer verksemda sine sentrale oppgåver.

Oppsummering av året og utfordringar framover

Året 2014 må sjåast som ein milepæl i IKA-Hordaland IKS (Ikah) si historie. Samstundes som vi har hatt høg aktivitet, er det óg gjort svært mykje godt arkivarbeid ute i dei enkelte av kommunane. Vi har aldri teke i mot så mykje arkiv som vi gjorde dette året. Det har heller aldri vore utarbeida så mange arkivplanar som dette året. Vi har flytta arkiva til nye og moderne depotlokaler, samt avslutta ordningsprosjektet for administrative arkiv før 1965, eit arbeid som hadde vart i over 20 år.

Samstundes som vi summerer opp er det viktig å rette blikket framover. Med ei kommunereform ventande står utfordringane i kø. Mange av eigarkommunane har framleis «arkivgjeld» som skal gjerast opp før dei eventuelt slår seg saman. Vår rolle i denne prosessen er avhengig av kva eigarane ynskjer samt kor mykje ressursar dei er villige til å sende vår veg. Vi er betre rusta no enn vi var i forhold til den førre kommunesamanslåinga. Men tida er knapp og det er mykje som må førebuast samtidig som vi skal ivareta dagens drift, så om vi skal komme i mål treng vi nok å auke talet tilsette hjå Ikah.

Organisasjon og administrasjon

Vår eiga brukarundersøking peika på behovet for å tette kontakten med eigarkommunane samt eit ynskje om at Ikah skal vere meir synlig i kommunen og då spesielt i leiande organ. Vi har valgt å setje fokus på tiltak som støttar våre verdiar som ein open og sørvisretta organisasjon.

Samstundes som aktiviteten ute i dei enkelte kommunane har teke seg kraftig opp dei siste åra, har vi og starta opp med eigarmøter som tar utgangspunkt i regionsamarbeida mellom eigarkommunane. Målet er å skape ein arena for dialog samt å gje eigarkommunane høve til å utøve eit meir aktivt eigarskap. Dette arbeidet held fram i det kommande året.

Innanfor eiga administrasjon er det eit mål at vi skal ha enkle og godt kjente arbeidsrutinar, «beste praksis» samt auke fokus på utoverretta informasjonsverksemd. Som ein del av det å bli meir synleg fekk vi 2014 laga ei ny nettside. Vi har teke i bruk sosiale media og tok over 600 bilete for å dokumentera kva vi jobbar med. Desse er delt via biledelingstenesta Flickr. Vi har arbeida med selskapet sin eigen arkivplan, arkivdanning samt innføring av elektronisk fakturabehandling. Målet om å bli ei digital føregangsbedrift er langt frå nådd, men i forhold til dei ressursane vi har til rådighet er vi eit godt stykke på veg.



Frå avleveringsprosjektet i Fusa

Representantskapet 2014

Ordinært representantskapsmøte vart helde onsdag 29. april 2014. Grunna at vi då ikkje var vedtaksføre, vart det helde ekstraordinært representantskapsmøte tysdag 20 mai. Møtet vart leia av nestleiar i styret Birte Aasen. Referent var Rune Lothe.

Styret etter 20. mai 2014:

Styret har avhalde fem møter og handsama 37 saker kring selskapet si drift og administrasjon.

Leiar: Jan Tore Helle
Nestleiar: Birte Aasen
Styremedlem: Ole J. Opkvitne
Styremedlem: Sigrid Laupsa
Styremedlem: Simen Soltveit
Sekretær: Rune Lothe, IKA
Tilsettrep.: Øyvind Olsen, IKA
Observatør: Terje Nomeland, Statsarkivet

Varamedlem etter 20. mai 2014:

1.Vara: Bente Skjerping
2.Vara: Reidar Meh
3.Vara: Jenny Aanderaa

Valnemnd etter 20 mai 2014:

Leiar: Gunvor Utne Mæland, Kvam Herad
Medlem: Siv Bua Rasmussen Sveio kommune
Medlem: Berit Svellingen, Øygarden kommune

Kjøp av eksterne tenester:

Selskapet kjøper tenester frå:

- *Bergen Kommune*, reinhaldsteneste
- *Bergen Kommune*, lokalar og magasiner
- *Deloitte*, revisortenester
- *Fjell kommune*, rekneskapstenester
- *Pitney Bowes AS*, skannar og kopimaskin
- *Telsys AS*, e-postklient og webhotell
- *Phonect*, telefonitenester
- *Centric*, innleige av personale
- *Volvat*, Bedriftshelseteneste



Frå kjelleren i gamle Lindås tinghus

Medarbeidarar

Våre medarbeidarar er den viktigaste ressursen for våre eigarkommunar. Gode faglege råd samt opplæring ut til dei enkelte eigarar krev motiverte, erfarne samt høgt kvalifiserte medarbeidarar. Samstundes er det viktig å ta vare på dei tilsette gjennom å skape trivsel og muligheiter for fagleg utvikling.

Selskapet har i 2014 hatt sju tilsette; fem faste stillingar, ein seniorstilling, samt ein prosjektstilling. Det er og leigd inn arbeidskraft i forbindelse med permisjon. Samla sett har vi produsert 5,8 årsverk.

Tilsette i selskapet:

Lill Tåve Jørgensen, fagarbeider (permisjon 1.1-31.12)
Anita Haugen Lie, rådgjevar (tilsett på prosjekt)
Rune Lothe, dagleg leiar
Eirik Netteland, rådgjevar
Øyvind Olsen, rådgjevar
Åse Strømme, seniorkonsulent (permisjon 9.9-31.12.)
Inge Vikane, fagarbeider
Irene Valvik Vågen (vikar 80% frå 12.10)
Birte Young Rådgjevar (vikar 40% frå 1.3-11.11)

Innleigde:

Jørn Harald Grov
Dan Andre Velle
Georg Drengenes

Arbeidsforhold

Vi arbeider heile tida med å styrke eigen kompetanse, skape trivsel samt tilretteleggje for tilsette i alle livsfasar. I samband med overtakinga av nye depotlokaler med inertluft i mars 2014, vart alle tilsette medlem i bedriftshelseteneste gjennom Volvat. Arbeidet for eit godt arbeidsmiljø kjem ikkje av seg sjølv, og 2014 vart det difor og arrangert ein HMS dag. Vi er saman med Bergen Byarkiv sertifisert som miljøfyrtårnbedrift.

Sjukefråværet er på 9,1 % av arbeidstida. Dette er ei auke på 2,9 % i forhold til året før. Sjukefråværet skuldast ikkje arbeidsrelaterte forhold.

Som ei lekk i arbeidet med å styrke eigen kompetanse deltok tilsette på Samdok-konferansen 2014¹. Vi heldt innlegg kring bevaring og kassasjon på Norsk Arkivråd sin haustkonferanse samstundes som vi deltok på Kulturrådet, LLP og Riksarkivet sin nordiske formidlingskonferanse. Vi har delteke på samlingar og møter med KDRS (kommunenenes digitale ressurscenter) og med Acos i samband med uttrekk og bevaring av elektroniske data. Tilsette har gjennomgått opplæring i Acos Websak og Acos Fokus, samt administratormodulen.


For å auke trivselen på arbeidsplassen er ikah engasjert i ein felles trivselskomité saman med Bergen Byarkiv der vi arrangerer ulike sosiale samankomstar. I tillegg er vi engasjert i eit fagsamarbeid gjennom felles faglunsj med Bergen Byarkiv, der vi inviterer ulike førelesarar til å halde faglege innlegg.

I 2014 arrangerte ikah ein 2 dagers tur til Stockholm for dei tilsette. Føremålet var mellom anna omvising og møte med det Svenske Riksarkivet for å lære meir om korleis dei arbeider kring bruk av digitale verktøy og digitalisering av arkiver.

¹ Samdok (Samla Samfunnsdokumentasjon) konferansen er arrangert av mellom anna Arkivverket. www.samdok.com.

Tabell 1. Eigartilskot og produserte årsverk 2008-2014

Denne tabellen viser at aktiviteten og tal på årsverk produsert i selskapet har auka dei siste åra. Dette skuldast at vi dei to siste åra har hatt ei låg «turnover». Vi har og auka bruk av vikarar ved permisjonar/sjukdom samt at vi ved å bruke eigenkapitalen har kunna forskottere prosjektstillingar.



Arkivdepot og formidling

Undersøkingar frå Riksrevisjonen² og Riksarkivet slo fast at fleire kommunar i Hordaland hadde særlege utfordringar i forhold til trygging, lagring og formidling av store mengder papirarkiv.

Hausten 2012 vart det difor satt opp eit to-årig prosjekt frå 2013, med fokus på opparbeiding av depotplass samt deponering av administrative arkiver fram til 1985. Prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2014 og måla vi sette oss vart nådd innan gitte fristar.

Vi tok i løpet av 2014 i mot 24 deponeringar av totalt 2.188,90 hm. Dette er over dobbelt så mykje arkiv som året før, noko som har stilt store krav til organisering og gjennomføring. Utpakking, kontroll og oppstilling utgjorde åleine ½ årsverk og det vart leigd inn ekstra folk for å ta unna noko av dette arbeidet.

I tida frå mars-august 2014 overtok vi nye depot og flytta omlag 1900 hyllemeter internt.

Sjølve flyttinga var arbeidskrevjande, men betydde og ei betring av risikoen for arkiva. Desse vert no oppbevarte i inertiserte og klimakontrollerte depotlokalar, som gjev låg risiko for tap eller skade.


Det er òg satt i verk ein eigen HMS-plan for arkivdepotet. Ved utgangen av 31.12.14 hadde vi ei fyllingsgrad arkivdepot på 83%³. Arkivdepotet vårt romma då 5.138,50 hyllemeter.

Som tabellen syner har vi i løpet av dei siste åra femdobra både kapasitet og bestand, noko som har stilt store krav til ikah. Arbeidet er gjort etappevis og vi har klart å halde fyllingsgrada høg gjennom heile prosessen, noko som har spart eigarane frå å betale for tomme hyller. Dette er med på halde kostnadane nede i forhold til om dei skulle ha bygd spesialrom for arkivdepot sjølve.

² Riksrevisjonens dokument 3:10 (2009-2010)


³ Jamfør dei leigeavtaler vi hadde pr. 31.12.

Tabell 2. Depotsituasjonen for papirarkiv



Vi behandla 250 saker kring innsyn i arkiva i 2014. Som tabellen syner har talet førespurnader, spesielt frå eldre saksarkiv, auka kraftig siste året. I enkelte samanhengar møter vi forventningar om å leverer tilbake uordna arkiv digitalt på timen, noko vi strengt tatt ikkje er rusta til. Men like fullt klarar vi å gje svar på det meste innan 3-4 dagar.

Tabell 3. Ekspedisjonar frå eldre saksarkiver og personregister 2008-2014



Som ei lekk i arbeidet med å verte meir synleg starta vi i 2014 arbeidet med ein formidlingsstrategi, etablerte nettside, formidlingsblogg, fotoalbum på Flickr, samt ei eige facebookside.

Arbeidet med formidling har lenge vore underprioritert og det gler oss at innsatsen på dette området vert godt motteken av eigarkommunane så vel som publikum. I gjennomsnitt har vi om lag 300 «views» per innlegg og rekorden er på heile 1300 «views» Under Arkivdagen den 8. november deltok vi med føredrag om forsyningsnemda i Samnanger, eit føredrag som forøvrig vart svært godt motteke.

Digitalt sikringsdepot:

Undersøkingane frå Riksrevisjonen og Riksarkivaren påpeiker at mange av kommunane har særlege utfordringar med uttrekk, bevaring og gjenbruk av elektroniske register, fagsystem og arkivsystem. Erfaring visar at mange brukar store ressursar i å legge inn informasjon i ymse system, som når dei går ut av produksjon er dyre å vedlikehalde.

Vi har i året som har gått arbeida med ein ny strategi for elektronisk depot og formidling av elektronisk arkivmateriale. Vi har satt fokus på arkivdanninga i kommunane med tanke på å auke kvaliteten på elektroniske arkiver gjennom arkivplanlegging.

Vi har oppdatert rutineane for deponering av e-arkiv, og 25 kommunar har fått innarbeidd dette i arkivplanen sin. Vi har med dette arbeidd for å avklare ansvar og fordeling av oppgåver mellom oss og eigarkommunane.

Vi deltok i eit stort e-arkivprosjekt i Nordhordaland som vart avslutta våren 2014. Det er laga ein eigen evalueringsrapport for dette prosjektet. Vi har gjennomført 10 e-deponeringsmøter samt delteke i arbeidet med å få etablert ein uttrekksfunksjonalitet for ei NOARK-5 løysing.

Det vart i løpet av 2014 venta om lag 10-12 deponeringar av gamle datasett. Men, det vart av forskjellige årsakar, kun deponert 3 datasett i 2014,. Ein av hovedgrunnane til dette er fråvær av ein felles heilheitleg plan for området. Vidare kjem våre ressursar og evna til å «trykkje på» for å få inn avleverte system. I tillegg kjem tidsnaud hjå eigarkommunane og dårlig kvalitet på dataene i systema. Noko skuldast og tekniske utfordringar som t.d. at uttrekksmodulen for t.d. ACOS websak ikkje vart endeleg klar før i september.

Unnskyldningar til side, så er behovet for å auka innsatsen samt å få utgreidd eit digitalt sikringsdepot vore tydeleg lenge. Det vart difor seinhaustes 2014 starta opp ein opptappingsplan for avlevering av elektroniske arkiv. Målet med dette arbeidet er ei gjennomgåande kartlegging av system samt ein plan for korleis desse systema kan avlevarast. Arbeidet er venta ferdistilt hausten 2015.



Arkiv som ikkje blir digitalisert med det fyrste...

Ordning av papirarkiv

Uordna arkiv i praksis betyr at all dokumentasjon vert nær utilgjengelig eller særskilt arbeidskrevjande å finne fram i. I august 2014 vart arkiva etter Odda kommune ferdig og tilbakeført til kommunen.

Det er gledeleg å kunne melde at ordningsarbeidet for dei administrative arkiva frå eigarkommunane i tida 1837-1965 no formelt er avslutta⁴. Over 1,5 kilometer med arkiv er gjennomgått og katalogisert, og dette gjer kommunane i Hordaland til ein av dei fremste i landet på ordna arkiv frå tida før 1965.

Arbeidet med å ta att etterslepet av ordning av arkiv frå tida etter 1965 kan difor starte. Som ei førebuing til dette gjennomførte i 2011 ei undersøking for å avdekke stoda når det gjaldt ordning av arkiv i eigarkommunane. Svaret frå nær alle arkivleiarane var at arbeidet med å ordne dei arkiva frå tida etter 1965 ikkje var vurdert korkje administrativt eller politisk. Vidare kom det fram at dei fleste vurderte det til at kommunane sjølve ikkje hadde kapasitet til å gjere dette arbeidet samt at det var viktig å halde oppe kontinuiteten i arbeidet. Ordning og klargjering av arkiver til avlevering var såleis ei oppgåve eigarane ynskte at vi skulle forsetje å tilby.

I samband med avleveringsprosjektet⁵ som starta hausten 2012 vart det difor i samarbeid med stiftelsen ASTA utarbeida ein rapport kring ordning av arkiva frå 1965-1985. Denne er no ferdigstilt, og gjev ei oversikt over tilstanden på arkiva samt kor mykje ressursar som trengst for å ordne dei administrative arkiva frå eigarkommunane frå denne perioden.

Vi starta pilot på ordninga av 3 kommunar frå perioden 1965-1985⁶. I løpet av året er det ordna til saman 47,5 hm. Vi har laga ein bevarings- og kassasjonsplan for arkiva frå denne perioden.

Målsettinga med dette arbeidet har vore å gjere oss kjent med arkiva og arkivskaparane frå perioden, samt avdekke utfordringar i det ordning av arkiv frå denne perioden.



«fortpakking» av arkiv i Fjell Kommune

⁴ Det kan framleis finnast enkelte arkivstykker i frå denne perioden ute i eigarkommunane.

⁵ Nokre av arkivseriane strekker seg lenger fram i tid.

⁶ Ytteråra strekker seg noko lenger for enkelte arkivseriar.


Opplæring og rådgjeving

I følgje undersøkinga frå Riksrevisjonen frå 2011 oppgjer om lag 80 % av kommunane at det er eit stort behov for å styrke arkivleiarane og saksbehandlarane sin faglege, juridiske og IT- arkivfaglege kompetanse. Vidare seier rapportane at manglande opplæring, rutinar og oppfølging gjev stor fare for at dokumentasjon kan gå tapt.

Vi har i løpet av året hatt stor aktivitet på dette området. Vi la att 115 dagsverk ute i eigarkommunane i samband med rådgjeving og opplæring. Det er óg helde 11 ulike kurs, workshops og seminar med til saman 220 deltakarar. Gjennom året er det satt eit særskilt fokus på utvikling av rutinar ved overgangen til fullelektronisk arkivering gjennom arbeid med eigarkommunane sine arkivplanar. Vi arrangerte 9 workshop'ar der tilsaman 25 av 32 eigarane våre deltok. Over 75 % av arkivplanane er oppdaterte, noko som gjer at eigarkommunane våre ligg heilt i toppen på landsbasis når det gjeld arkivplanarbeid.

Som vi kan sjå av tabellen for *Kommunebesøk* viser trenden at aktiviteten kring rådgjeving og besøk ute i kommunane har vore stigande. Vi hadde riktig nok ein nedgang i 2009 då flytteprosessen frå Statsarkivet la beslag på mykje ressursar, men dei siste åra er det lagt att over dobbelt så mange dagsverk ute i eigarkommunane som det vart gjort gjennom byrjinga av 2000-talet.

Tab. 4 oversikt over kommunebesøk 2001-2014



*IKAH sin «hukommelse»
Åse Eikemo Strømme held
innlegg på kontakt-
konferansen 2014, på
Solstrand Hotell og bad i
Os kommune.*


Økonomien i selskapet

Samtlege revisjonar og rapportar den siste tida har avdekka mykje skjult arkivgjeld samt store etterslep i det kommunale arkivarbeidet. Å avdekka denne gjelda, samt få kvar krone til å komme til god nytte er ein viktig del av våre eigen økonomiforvaltning. Hausten 2014 starta vi difor innføring av nytt økonomi- og lønssystem. Målet var både å stette formelle krav så vel som krav til elektronisk fakturahandtering, samt få ein betre oversikt og derav oppnå betre kostnadskontroll. Vi ynskjer å opne for egne prosjektrekneskap, noko eit nytt system gjev moglegheit til.

Årsrekneskapet for 2014 syner eit brutto driftsresultat på 28.902,- Dette er ei betring jamfør fjoråret, då vi hadde eit negativt driftsresultat på om lag 40 000,-. Når det gjeld driftsutgiftene hadde vi eit mindreforbruk i 2014 om lag 6000,- i forhold til budsjett. Inntektene er over 800 000,- over det som er budsjettert. Storparten av dette skriv seg frå refusjonar for sjukeløn, arbeidsgjevaravgift og moms m.v. og er såleis ikkje eit resultat av at vi har belasta eigarane våre meir enn det drifta kravde. Vidare vart salsinntektene våre nær 200 000,- meir enn budsjettert som resultat av at fleire deltok på kursa vi har hatt, og at det vart leigd meir depotplass en vi hadde rekna med.

Ser vi på finansinntektene fekk vi om lag 40 000,- meir i renter enn det vi hadde budsjettert for. Dette gjer at vi sit att med eit overskot på totalt 876.917, 11,- Vi skuldar å gjere merksam på at vi i 2014 budsjetterte med underskot og at vi har brukt 767 000,- av eigenkapitalen til å dekke opp dette. Dette gjer at sjølv om vi resultatsmessig sit att med eit stort overskot, berre har styrka eigenkapitalen med 109.917,11,-

Tab. 5 Oversikt inntektsfordeling fordelt etter inntektskjelde 2009-2014



Som vi ser av tabellen, utgjorde eigartilskotet om lag 2/3 av inntektene til IKA-Hordaland IKS i 2009. Når ein kjem til 2014 utgjer eigartilskotet berre 1/3 av inntektene. Denne endringa har fleire årsaker:

- ✓ Vi har i tida frå 2010-2014 ikkje auka eigartilskotet noko vesentleg
- ✓ Arkivdepotet er utvida frå 1.000 hyllemeter i 2009 til 6.000 hyllemeter i 2014, noko som gjev oss vesentleg større depotinntekter i forhold til 2009

- ✓ Vi har frå 2009-2014 nær femdobla andre inntekter⁷
- ✓ Vi tilsette i 2014 fem gonger så mykje eigenkapital inn i budsjettet som i 2009

Dette gjer at vi i ved utgangen av 2014 har eit dobbelt så høgt inntektsgrunnlag som vi hadde i 2009, noko som óg betyr at vi har kunne holde eit høgt aktivitetsnivå, og på enkelte område levert over dobbelt så mange tenester tilbake til eigarkommunane som vi gjorde i 2009.

⁷ Dette er variable inntekter som i hovedsak består av refusjonar, finansielle inntekter, sal av tenester.

Tabell. 7 Oversikt kommunevis per. 31.12.2014:

Kommune	Person- register	Eldre ordna papirarkiv	Eldre uordna papirarkiv	Totalt	Ledige	e-Arkiv
	Papirarkiv	(hyllemeter)	(hyllemeter)	Papirarkiv	(hyllemeter)	(Datasett)
	(hyllemeter)			(hyllemeter)	frå 31.12.2014	
Askøy kommune	69	46	381	496	104	6
Austevoll kommune	23	44	50	117	33	1
Austrheim kommune	11,5	21	46	78,5	21,5	2
Bømlo kommune	64	53	121,5	238,5	100,5	11
Eidfjord kommune	0	0	33	33	-33	0
Etne kommune	14,5	52,5	80,5	147,5	2,5	6
Fedje kommune	3	8	8	19	6	0
Fitjar kommune	10	10	89	109	11	1
Fjell kommune	38,9	43	128	209,5	100,5	7
Fusa kommune	17	0	86	103	17	1
Granvin herad	3	25	89,5	117,5	17,5	0
Jondal kommune	10,5	0	53	63,5	-15,5	0
Kvam herad	35,5	0	0,1	35,6	81,4	2
Kvinnherad kommune	74,5	103	228	405,5	44,5	5
Lindås kommune	81,5	55,5	132	269	81	3
Masfjorden kommune	2	39	43	84	16	4
Meland kommune	23,5	27,5	62	113	112	3
Modalen kommune	4,5	33	0	37,5	7,5	0
Odda kommune	34	0	152	186	-106	1
Os kommune	44	168,5	413,5	626	74	2
Osterøy kommune	44	0	0	44	56	6
Radøy kommune	21,5	55,5	0	77	68	4
Samnanger kommune	3	38,5	45,5	87	-50	0
Stord kommune	41	0	0	41	59	3
Sund kommune	8	28	95,25	131,25	88,75	0
Sveio kommune	14,5	66	68	148,5	51,5	0
Tysnes kommune	6	28,5	107	141,5	53,5	0
Ullensvang herad	3,5	85	197,5	286	39	0
Ulvik herad	12,5	24	71	107,5	12,5	0
Vaksdal kommune	31	39	81,5	151,5	18,5	8
Voss kommune	0	238	179	417	58	0
Øygarden kommune	10	0	7,5	17,5	27,5	0
Sum	758,9	1331,5	3048,35	5138,75	1157,65	76

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	TI - &52, FA - L70	15/982


Saknr	Utval	Type	Dato
144/2015	Formannskapet	PS	01.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Regulering av husleiga i kommunale gjennomgangsbustadar frå 1. april 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleiga for kommunale utleigebustadar vert justert slik det går fram av tabell. Det er ved fastsetjing av husleige tatt høgde for storleik og standard på bustadane.

Husleiga vert auke med 3%.

 Husleige gjennomgangsbustadar Masfjorden kommune - husleige frå 1. april 2016							
Stad:	Antal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.2015 individuell auke etter standard	Ny månadsløye pr 01.04.15 (80 % av full løye)	Full løye pr 01.04.2016 100 %	Ny månadsløye pr 01.04.16 (80 % av full løye)
Matre Einleitevegen 1 og 3	2	100	1978	7 648	6 118	7 877	6 302
Matre Stien 29, 31, 33 og 35	4	80	1988	6 221	4 977	6 408	5 126
Nordbygda Stokkevika 3, 5, 7 og 9	4	80	1989	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 8	1	90	1968	5 150	4 120	5 305	4 244
Sandnes Sandneslia 10 og 12	2	100	1983	7 648	6 118	7 877	6 302
Sandnes Sandneslia 14 A	1	80	1985	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 14 B	1	70		5 507	4 406	5 672	4 538
Sandnes Sandneslia 16 A	1	80	1985	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 19 B	1	70		5 507	4 406	5 672	4 538
Sandnes Austfjordvegen 2651	2	40	1966	2 060	1 648	2 122	1 697
Sandnes Austfjordvegen 2651	2	60	1966	4 120	3 296	4 244	3 395
Sandnes Austfjordvegen 2700	1	100	1978	5 150	4 120	5 305	4 244
Hosteland Hostelandslia 12, 14, 18 og 20	4	81	2009	6 806	5 445	7 010	5 608
Sandnes Sandneslia 11 A	1	120	2011	9 528	7 622	9 814	7 851
Sandnes Sandneslia 11 B og 11 C	2	114	2100	9 103	7 282	9 376	7 501
Sandnes Sandneslia 11 D	1	91	2011	7 474	5 979	7 698	6 159
Sandnes Sandneslia 11 E	1	151	2011	11 722	9 378	12 074	9 659
Matre Matre 39 I	1	65	2013	8 858	7 086	9 124	7 299
Matre Matre 39 M	1	65	2013	8 858	7 086	9 124	7 299

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Husleige for kommunale utleigebustadar var sist justert frå 1. april 2014.

Kommunestyret har i sak KS-123/12 vedteke husleigesatsar for utleigebustadar frå 1. april 2013. Husleigesatsane var justert med 3% frå 1. april 2014.

Vurdering

I tråd med føringar i budsjettframlegg for 2016 vert kommunale betalingssatsar auka med 3 %.

Konklusjon

Husleiga for kommunale utleigebustadar vert justert slik det går fram av tabell. Det er ved fastsetjing av husleige tatt høgde for storleik og standard på bustadane.

Husleiga vert auke med 3%.

 Husleige gjennomgangsbustadar Masfjorden kommune - husleige frå 1. april 2016							
Stad:	Antal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.2015 individuell auke etter standard	Ny månadsløye pr 01.04.15 (80 % av full løye)	Full leige pr 01.04.2016 100 %	Ny månadsløye pr 01.04.16 (80 % av full løye)
Matre Einleitevegen 1 og 3	2	100	1978	7 648	6 118	7 877	6 302
Matre Stien 29, 31, 33 og 35	4	80	1988	6 221	4 977	6 408	5 126
Nordbygda Stokkevika 3, 5, 7 og 9	4	80	1989	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 8	1	90	1968	5 150	4 120	5 305	4 244
Sandnes Sandneslia 10 og 12	2	100	1983	7 648	6 118	7 877	6 302
Sandnes Sandneslia 14 A	1	80	1985	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 14 B	1	70		5 507	4 406	5 672	4 538
Sandnes Sandneslia 16 A	1	80	1985	6 221	4 977	6 408	5 126
Sandnes Sandneslia 19 B	1	70		5 507	4 406	5 672	4 538
Sandnes Austfjordvegen 2651	2	40	1966	2 060	1 648	2 122	1 697
Sandnes Austfjordvegen 2651	2	60	1966	4 120	3 296	4 244	3 395
Sandnes Austfjordvegen 2700	1	100	1978	5 150	4 120	5 305	4 244
Hosteland Hostelandslia 12, 14, 18 og 20	4	81	2009	6 806	5 445	7 010	5 608
Sandnes Sandneslia 11 A	1	120	2011	9 528	7 622	9 814	7 851
Sandnes Sandneslia 11 B og 11 C	2	114	2100	9 103	7 282	9 376	7 501
Sandnes Sandneslia 11 D	1	91	2011	7 474	5 979	7 698	6 159
Sandnes Sandneslia 11 E	1	151	2011	11 722	9 378	12 074	9 659
Matre Matre 39 I	1	65	2013	8 858	7 086	9 124	7 299
Matre Matre 39 M	1	65	2013	8 858	7 086	9 124	7 299

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 614	15/179

Saknr	Utval	Type	Dato
145/2015	Formannskapet	PS	01.12.2015

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

32T

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet (L)(23302)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen om konsolidering mellom stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest vert godkjend slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Saka gjeld konsolidering av stiftinga Bjørn West-museet med stiftinga Museum Vest frå 1. januar 2016. Ein samarbeidsavtale underteikna av dei to stiftingane og Masfjorden kommune vil regulere partane sitt samarbeid om verksemda ved Bjørn West-museet. Samarbeidsavtalen ligg ved.

Museum Vest er eit konsolidert museum i Hordaland med ansvar for mellom anna krigs- og okkupasjonshistoria i den regionale museumspolitikken. Stiftinga Museum Vest vil ved ei konsolidering overta ansvaret for økonomi, personale, dagleg drift og bruk av samlingar, bygningar og anlegg ved Bjørn West-museet.

Masfjorden kommune går inn med eit øyremerka tilskot til Museum Vest. Dette tilskotet skal gå til museumsverksemda ved Bjørn West-museet. For fyrste året er tilskotet på kr 400.000,-. Etter avtaleteksten skal summen vurderast årleg i samband med kommunen sitt budsjettarbeid.

I Regional plan for museum 2011-2015 vert det gjort greie for prosess knytt til konsolidering. Dersom eit museum vert teke inn i eit konsolidert museum vil det få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet. Konsolideringa skal såleis også handsamast av Hordaland fylkeskommune. I 2014 løyvde Fylkestinget museumsplanmidlar til slike konsolideringsprosessar, og Museumssenteret i Hordaland og Museum Vest fekk til saman 50 000 kroner til ei utgreiing om Bjørn West-museet. Museum Vest har i sin budsjettsøknad til Hordaland fylkeskommune søkt om 200 000 kroner årleg 2016-2018 til denne konsolideringa. Samarbeidsavtalen uttrykker føresetnad om fylkeskommunal løyving. Det har vore ein god prosess med fleire møte mellom aktørane Masfjorden kommune, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune (kultur- og

idrettsavdelinga), mellom anna for å avklåre om føresetnadene for ei konsolidering er til stades gjennom lokalt initiativ og økonomi. I tillegg har ei viktig problemstilling vore om Bjørn West-museet i framtida skal ha krigshistorie som kjerne eller eit breiare kulturhistorisk fokus. Val av tema var avgjerande for om museet skulle konsoliderast med Museum Vest eller Museumssenteret i Hordaland. Aktuelle partar, mellom anna veneforeininga for Bjørn West-museet, har vore involvert og informert om prosessen.

Masfjorden kommune har også løyvd 50 000 kroner til utgreiingsarbeidet om konsolidering. Konklusjonen i utgreiinga *Bjørn West-museet som en del av Museum Vest?* er at Bjørn West-museet vil vere best tent med ei konsolidering med Museum Vest. Regionalt og nasjonalt inneber dette mellom anna at Museum Vest får større bredde og tyngde i si forvaltning av krigs- og okkupasjonshistoria. Bjørn West-museet vil oppnå større fagleg fellesskap og driftsfordelar. For publikum vert historieformidlinga meir heilskapleg.

Vurdering

Formannskapet i Masfjorden kommune slutta seg til konklusjonane i utgreiinga og føresetnadene om at det må utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom dei tre partane Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn Westmuseet og stiftinga Museum Vest, i møte 19. mars 2015 sak 35/2015. Kommunestyret gjorde tilsvarende vedtak i sitt møte 30.04.15, sak 24/2015.

No ligg det føre eit framlegg til samarbeidsavtale. Rådmannen meiner at det er nødvendig og rett å konsolidera Bjørn West-muset med Museum Vest. Ei slik konsolidering vil styrkje forvaltninga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.

Konklusjon

Rådmannen vil difor tilrå at kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest slik han ligg føre.

Vedlagte saksdokument:

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet (L)(23302)	15228	13.10.2015
--	-------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost



Kopimottakar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/179 - 15/4627

Saksbehandlar:

Alf Magnar Strand

Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.10.2015

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

mellom

Stiftinga Bjørn West-museet, Stiftinga Museum Vest og Masfjorden kommune

§ 1. Føremål

Denne avtalen regulerer partane sitt samarbeid om museumsverksemda ved Bjørn West-museet. Til grunn for samarbeidsavtalen ligg vedtekter for Stiftinga Museum Vest av sept 2004, vedtekter for Stiftinga Bjørn West-museet av 23.3.93, vedtak i Masfjorden kommunestyre sak 035/2015 den 30.4.2015,

Denne avtalen gjeld frå 01.01.16. Då får Stiftinga Museum Vest det fulle ansvaret for dagleg drift av museumsverksemda ved Bjørn West-museet dvs. økonomi (løn, reinhald, varme m.v.) tilsett(e), formidling og forskning, bruk av samlingar, bygningar og anlegg. Museumsdrifta femner om dei tre bygningane og utearealet på eigedommen 49/78. Frå avtalen blir sett i verk er Stiftinga Museum Vest ansvarleg for alle dei nemde driftskostnadane.

Masfjorden kommune er frå same dato ansvarleg for å setja Museum Vest i stand til å ivareta dette ansvaret ved å yta eit årleg tilskot. Stiftinga Museum Vest skal frå same dato disponera over andre, ordinære driftsinntekter og tilskot om ikkje anna er særskilt avtalt. Slike inntekter skal nyttast til museumsverksemda ved Bjørn West-museet eller til krigshistorisk arbeid i området.

Stiftinga Museum vest skal arbeida ut frå dei føringane som ligg i den til ei kvar tid gjeldande museumsplanen for Hordaland, og ta del i nasjonale nettverk.

§ 2. Stiftinga Museum Vest – ansvar og mynde

Post

Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Kontakt

Telefon: 56 16 62 00
Faks: 56 16 62 01

post@masfjorden.kommune.no
Heimeside: www.masfjorden.kommune.no

Org.nr. **945627913**
Bankkonto: 3201 48 54958

Frå overtakingsdato skal museumsverksemda ved Bjørn West Museet drivast som ei avdeling av Stiftinga Museum Vest, likestilt med dei andre avdelingane.

Alle avgjerdsler som høyrer til drifta, både administrativt og økonomisk, ligg formelt under styret i Stiftinga Museum Vest. Unnataket frå denne hovudregelen er at Museum Vest ikkje har ansvar for vedlikehald. Det ansvaret ligg formelt til Stiftinga Bjørn West-museet, jfr § 3 og § 4.

Med tilvisning til at Museum vest har ansvaret for den faglege og økonomiske drifta med stiftinga medan Stiftinga Bjørn West-museet har ansvaret for vedlikehald av bygningar og eigedom, vil partane syta for eit tett samarbeid i alt utviklingsarbeid. Partane vil og samarbeida om vedlikehald og utvikling slik at vedlikehaldskostnadene kan reduserast.

Stiftinga Museum Vest har ansvaret for å følgje opp denne avtalen og dei dokumenta som ligg til grunn for avtalen. Stiftinga skal også kunne ta del i ny framtidig museumsaktivitet i området.

Arbeidstakar(ar) ved Bjørn West Museet vert tilsett i Museum Vest, som dermed har arbeidsgjevaransvaret.

Tilsett(e) sitt arbeid skal vere knytt til Bjørn West-museet, men ein deltek også i arbeid/oppdrag ved dei andre musea etter vedtekne arbeidsplanar.

Tilsetjing, permisjon og oppseiing av fast tilsett(e) skal gjerast av Stiftinga Museum Vest. Avdeingsleiar ved Bjørn West-museet har uttalerett ved tilsetjingar i eigen avdeling. Avdelingsleiar/dagleg leiar ved Bjørn West Museet vert tilsett av styret i Stiftinga Museum Vest, etter ein tilsetjingsprosess der også styret i Stiftinga Bjørn West-museet er med og har uttalerett.

For å fremja profesjonelt og museumsetisk arbeid, skal det utarbeidast rutinar for regelbundne samlingar for personalet i Museum Vest.

Masfjorden kommune gjev eit øyremerka tilskot til Museum Vest til drifta av museumsverksemda ved Bjørn West-museet. Driftsstønad frå andre offentlege organ skal som hovudregel gå til Museum Vest, men løyvande styresmakter kan også øyremerka driftstilskot til Stiftinga Bjørn West-museet. Museum Vest står inne for at øyremerkete midlar og eigeninntekt faktisk vert brukte til drifta av museumsverksemda ved Bjørn West-museet.

Stiftinga Museum Vest skal syta for at museumsverksemda ved Bjørn West Museet, til liks med dei andre avdelingane, får tilført ressursar i samsvar med dei ansvarsområda ein har og vert tillagt, både geografisk og fagleg. Reduksjon i øyremerkete driftstilskot og tenester frå faste tilskotsytarar (kommune/fylke) vil føre til reduksjon i driftsnivået ved den aktuelle avdelinga. Fonds og gåver skal disponerast i medhald av gjevar sine ønskemål.

Utarbeiding av budsjett og planar følgjer vanlege rutinar for stiftinga Museum Vest og desse skal sikra dialog mellom partane. Direktøren ved stiftinga Museum Vest har møte- og talerett i Stiftinga Bjørn West-museet.

Sekretærfunksjonen for styret i Stiftinga Bjørn West-museet skal utførast av Stiftinga Museum Vest.

§ 3. Stiftinga Bjørn West-museet – ansvar og mynde

Eigedomsretten til bygningar, eigedomen 49/78, og samlingane skal ligge til Stiftinga Bjørn West, som også vert eigar av framtidig tilvekst dersom ikkje anna er avtalt.

Stiftinga Bjørn West-museet har formelt ansvar for vedlikehald, opprusting av bygg, jfr §2. Den praktiske gjennomføring av ordinært vedlikehald tek Masfjorden kommune ansvar for, jfr §4. Planlegging og gjennomføring skal gjerast i dialog med stiftinga Museum Vest som må samtykkja i tiltak med verknad for museumsdrifta før dei vert gjennomførte.

Stiftinga Bjørn West-museet skal saman med kommunen, Stiftinga Museum Vest og andre aktørar leggja til rettes for kulturtilskipingar og anna høveleg aktivitet i området.

§ 4. Masfjorden kommune – ansvar

Masfjorden kommune yter eit årleg tilskot til Museum Vest på kr 400.000,- til drifta av Bjørn West-museet. Dette sikrar løn til fagperson og andre driftsutgifter. Beløpet vert regulert årleg i samband med kommunen sitt budsjettarbeid. Ein legg òg til grunn ei nokolunde tilsvarande løyving frå Hordaland fylkeskommune. Tilskot frå dei andre kommunane i stiftinga: Lindås, Osterøy, Modalen og Gulen, og tilskot frå lokale lag og organisasjonar skal tilfalla Masfjorden kommune som delfinansiering av årlig tilskot.

Masfjorden kommune tek på seg ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane på vegne av Stiftinga Bjørn West-museet. Ved behov for større investeringar og vedlikehaldsoppgåver må alle partane samarbeide om finansiering av desse. (f.eks tak, alarm, heis, elektrisk anlegg, maling utvendig osv)

§ 5. Nybygg

Ved framtidig arbeid med nybygg og evt. visningscenter for Stølsheimen vil avtalen bli teken opp til vurdering igjen.

§ 6. Iverksetjing / Oppseiing

Iverksetjing av avtalen skjer 01.01.2016. Ved oppseiing er utløpsdato for avtalen alltid 31. desember. Skriftleg oppseiing må vera dei andre partane i hende seinast 01. oktober året før utløpsåret. (15 mnd)

Fordeling av ressursar og personale skjer i samsvar med pro et contra oppgjer ved oppseiingsdato.

Masfjordnes, den 2015

Stig Stark Johansen

Birger Wergeland

Karstein Totland

Stiftinga Museum Vest

Stiftinga Bjørn West-museet

Masfjorden kommune